



Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Tysdag 05. november 2019
Tid: Kl. 18.30
Møtenr.: 8/2019

Jostein Skram er 1. varamedlem og vert innkalla til alle møter. Andre varamedlemer møter berre etter særskilt innkalling.

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Anne Marie Røed	
Herman Inge Aadland	
Sigrid Marie Fangel	
Wenche Andersen Helland	
Svein Lunde	
Aase Rygg H. Nøttveit	
Roald Drønen	Sokneprest (Ord for dagen)
Sigurd Andre Maraas	Kommunal representant
Jan Overweg	Fung. kyrkjeverje

Forfall faste medlemmer:

Namn	Funksjon
Tom Rydland	
Håkon Rydland Sæbø	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Karin Marie Korsvik	2. varamedlem
Hilda Gloppen	4. varamedlem

Varamedlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Jostein Skram	1. varamedlem
Magnor Tverderøy	3. varamedlem
Jan Ottar Wiik	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sigrid Marie Fangel som var avtroppande leiar og einaste faste medlem hadde teke attval, ynskte velkommen og leia møtet.

Det vart sett fram ynskje om at administrasjonen syter for referat. Fung. Kyrkjeverje meinte at det pr. no ikkje var kapasitet til dette i administrasjonen men at dette kunne endra seg i løpet av 2020. Svein Lunde vart vald som sekretær fram til dette er avklart.

Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-47/19	Konstituering av soknerådet	X
S-48/19	Møteplan for første halvår 2020	X
S-49/19	Open post	X

S-Sak 47/19: Konstituering av soknerådet

Det nye soknerådet trer i funksjon frå 01.11.2019. Sokneråd med fellesrådsfunksjonar, som på Fitjar der det berre er eit sokn, trer i funksjon i fellesrådsfunksjonar frå 01.12.2019 (verksemdreglane §1). Leiar og nestleiar skal veljast blant dei faste medlemmane, og for eit år om gongen.

Det vart gjennomført skriftleg val (verksemdreglane §1 nr.3).

Val av leiar:

Sigrid Marie Fangel sa seg villig til å ta attval. Ho fekk 8 stemmer medan Tom Rydland fekk 1 stemme.

Nestleiar

Wenche Andersen Helland sa seg villig til å vera nestleiar. Ho fekk 8 stemmer medan Håkon Rydland Sæbø fekk 1 stemme.

Vedtak:

1. Som leiar for eit år er valt: Sigrid Marie Fangel.
2. Som nestleiar for eit år er valt: Wenche Andersen Helland

Sak 48/19: Møteplan for første halvår 2020

Soknerådet bør leggja opp til eit møte kvar månad. Tidlegare har det vore møte den nest siste torsdagen i månaden. Før årskiftet bør det også vera eit møte. Soknerådet kan vurdera planen og etter evt. justeringar stadfesta den i vedtaket.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vedtek slik møteplan fram til sommaren 2020:

Torsdag 28. november

Torsdag 23. januar

Torsdag 20. februar

Torsdag 19. mars

Torsdag 23. april

Torsdag 04. juni

Dersom det skulle vera behov for møte utover dette, fastset soknerådsleiar tidspunkt for møte.

Vedtak

Soknerådet vedtek møteplanen etter framlegg men ber om at den til neste møte 28.11. vert komplettert med opplysningar om viktige ting som årsmøte, kyrkjelydsfest m.m.



Sak 49/19: Open post

Under open post vart det utveksling av tankar og idear om arbeidet i rådet dei neste fire åra.

- Alle medlemmane i rådet (både faste og vara) bør samlast ein gong i nær framtid for å få felles informasjon og for å utveksle tankar omkring arbeidet i rådet.
- På møtet 28.11.19 bør rådet setja av tid til å oppsummere kurset 12.11.19
- Belysning på enkelte deler av kyrkjegarden er dårlegare enn ein kunne ynskje. Tilkomst til kyrkjegarden for rørslehemma og særleg dei som treng rullestol, er vanskeleg. Rådet ber om at dette vert sett på saklista tidleg i 2020 med sikte på å lage ein framdriftsplan for arbeidet med å finne løysingar.
- Korleis skal me få med fleire frivillige i tenesta?
- Tema omkring kommunebudsjett og økonomi for 2020 vart diskutert. Rådet må ha dette opp som sak 28.11.19
- Minna om Juleavslutning 5.12.19. Eigen invitasjon kjem.
- Soknepresten hadde fått spørsmål om Gudstenesta Nyårsafta kunne flyttast til Fitjar bedehus der det er planar om ungdomsarrangement. Soknerådet tilrår at Gudstenesta vert i kyrkja som vanleg, men ser svært gjerne at ungdom vert involvert i Gudstenesta.

Signering:

Sekretær

Leiar